

PRESSEMELDING 23 jan 2018 til kommunane i Møre og Romsdal

Sjikanøse stengsel - kommunane bryt friluftslova og forvaltningslova

Friluftslova frå 1957 gjev rett til ferdsel på annan manns grunn når det skjer omsynsfullt og med tilbørleg varsemd. Det er ikkje tillate å hindre folk i denne lovlege ferdselen.

Likevel får FNF Møre og Romsdal og medlemsorganisasjonane våre stadig tips om ulike typar stengsel og ferdselshinder av fysisk eller psykisk art rundt om i fylket. Dette gjeld ofte område med mykje ferdsel og der det er lite areal pr. person.

Dei fysiske hindringane er ofte hekkar, bommar, gjerde og liknande. Typiske psykiske hinder er flaggstenger, plattingar, blomsterpotter og liknande, og ikkje minst skilt/plakatar som har til hensikt å stoppe lovleg ferdsel.

FNF Møre og Romsdal vil peike på at det finst mange stengsel i fylket vårt som er lovstridige jfr. friluftslova. Derfor bad vi den 5. september 2016 kommunane i fylket om å ta opp dei konkrete utfordringane og vurdere sakene etter § 13 og § 20 ledd c) i friluftslova og vurdere fjerning etter § 40.

Sidan 2016 har vi følgt opp nokre konkrete saker der vi meiner det er lovstridige stengsel, ni konkrete saker i fem kommunar. Trass fleire purringar, bistand frå Fylkesmannen og Sivilombodsmannen, har vi fått avklart berre ei (1) av desse ni sakene.

Vi vil med dette sende ein klar beskjed til kommunane om ansvaret dei har for å sikre ferdselsretten til folk flest. At kommunane heller ikkje svarer på brev/e-postar frå FNF er brot både på folkeskikk, forvaltningsskikk, forvaltningslova og friluftslova.

Venleg helsing

Ingbjørn Bredeli
FNF-koordinator



forum for
natur og friluftsliv
Møre og Romsdal

Forum for Natur og Friluftsliv (FNF) Møre og Romsdal
Idrettsvegen 2
6413 MOLDE
Mobil 46431427 E-post:moreogromsdal@fnf-nett.no
Bankkonto: 15038891569
Organisasjonsnr. 916451954
www.fnf-nett.no/moreogromsdal